

# REFERAT STORD SOKNERÅD

Råd:	<b>Stord sokneråd</b>
Tid:	<b>Lørdag 7. desember 2019</b>
	<b>Kl. 10.00 – 14.00 Teamsamling faste + alle vara</b>
	<b>Kl. 14.00 – 15.00: Soknerådsmøte i tråd med sakliste under. Alle møter.</b>
Møtestad:	<b>Fitjar kyrkje, Kyrkjestova</b>
Mat:	<b>Lunsj vert servert</b>
Opning:	<b>Anders</b>

"Livet i fokus, nær Gud - nær menneske "

visjon Stord kyrkjelyd

**Til stades:** Anders Dahl, Nils Dale Elde, Kirsti Angvik Frugård, Johannes V. Lamo, Sigrunn Ljosland, Olav Johannes Oma, Egil Petterteig, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Signe Wiersen Vorland (vara), og Arne Rygg Drønen (vara).

**Fråvær:** Sigrid Beate Eskeland (vara), Dag Kjetil Lægreid (vara) og Dagfinn Koppang (vara)

## SAKLISTE

### 2019/56- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjent

### 2019/57- 012 Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 05.11.19 (2 stk)

**Vedtak:** Godkjent

vedl 1-2

### 2019/58 – 012 Konstituering

#### Saksutgreiing

Soknerådet utsette val av nestleiar, sekretær og medlemer for fellesrådet i møte 5.nov 2019.

Det skal veljast nestleiar for eitt år, val skal skje skriftleg.

Det skal veljast sekretær – her er det ikkje krav til varigheit.

Det skal veljast to faste medlemer til Stord kyrjelege fellesråd, og eit varamedlem. Desse veljast for heile perioden på fire år (2019-2023).

Val av sekretær og fellesrådsmedlemer skal kun skje ved skriftleg val dersom minst eitt rådsmedlem ynskjer det.

Soknerådet vil ha god nytte av å setje ned eit arbeidsutval som kan førebu saker for rådet. Kyrkjelova opnar for at leiaren eller eit arbeidsutval sett saman av minst to av rådets medlemer kan få fullmakt på sakleg avgrensa område å gjera vedtak på vegne av soknerådet.

#### Vedtak:

Soknerådet har hatt val og konstituert seg slik:

Nestleiar: Dag Sele, einstemmig valgt.

Sekretær: Ikke valgt. Funksjonen ivaretakast av leiar og nestleiar.

Soknerådet set ned eit arbeidsutval som skal bestå av leiar, nestleiar og sokneprest. Desse har hovudansvar for å førebu saksliste og saker for handsaming i soknerådet, og får ei førebels fullmakt til å ta avgjerd i daglegdagse saker som krev vedtak før soknerådet treffast. Arbeidsutvalet (AU) får og i oppgåve å førebu eit meir fullstendig mandat for beslutningsfullmakta til AU.

#### Valde medlemer til fellesrådet

Faste medlemer: Dag Sele, Nils Dale Elde

Varamedlem: Anders Dahl

# REFERAT STORD SOKNERÅD

## 2019/59 – 012 Utvalsstruktur

### Saksutgreiing

Soknerådet utsette val av medlemer til dei ulike utvala i møte 5.nov 2019.

Vedlegg frå førre møte viser eksisterande utval og deira mandat/innhald. Nokre av utvala er felles med Nysæter kyrkjelyd.

#### Vedtak:

Soknerådet ønskjer å prioritere følgjande utval i perioden som kjem:

- Diakoniutval
- Kyrkjelivsutval (med fokus på fellesskap og trusutvikling for vaksne)
- Trusopplæringsutval
- Gudstenesteutval
- Frivillige-utval
- Kyrkjeblad / Kommunikasjonsutval

Soknerådet ønskjer å diskutere utvalsstrukturen under Døgnet i januar, saman med Nysæter sokneråd og stab, og utset fastsetting av utvalsstruktur og val av medlemer til utvala til etter dette. Soknerådet ber AU utarbeide eit tydelegare oppsett med mandat for eksisterande og planlagde utval, for vedtak på neste soknerådsmøte.

## 2019/60 – 012 Møteplan våren 2020

vedl 3

### Saksutgreiing

Forslag til møteplan for våren 2020 lagd fram i møtet.

#### Vedtak:

Godkjent som framlagd.

Tidspunkt for soknerådsmøte kl 19-21.

## Ymse

### • Skriv, referat og meldingar

1. Referat Stord kyrklege fellesråd 29.10
2. Referat styremøte Kyrkjestova Fredheim 20.11

vedl 4

vedl 5

### • Orienteringssaker:

1. Orientering frå kyrkjelydsarbeidet v/Olav
2. Økonomistatus v/Anders
3. Teiepliktskjema for soknerådsmedlemer
  - a. Vart signert av medlemer som var til stades på møtet.
4. Søknad om OVF-midlar for tiltak i 2020
  - a. Soknerådet vart informert om at det er sendt søknad til bispedømerådet i Bjørgvin om tildeling av OVF-midlar for tiltak retta mot frivillige i kyrkjelydsarbeidet.
5. Søknad om BUFDIR-midlar for PREP-kurs i 2020
  - a. Soknerådet vart informert om at det er sendt søknad til BUFDIR om tildeling av midlar til samlivstiltak, der Stord sokn ønskjer å arrangere PREP-kurs våren 2020.

vedl. 6

vedl. 7

Anders Dahl  
soknerådsleiar  
sign